

Fra: [Astrid Byrknes](#)
Til: [AL-Kommunestyre spørsmål-interpellasjonar](#)
Kopi: [Asle Hetlebakke](#); [Jogeir Romarheim](#); [Else Marie Skartveit Dale](#); [Stian Lavik](#); [Anne Karin Angelskår Eknes](#)
Emne: Skriftleg spørsmål til ordførar kommunestyret 5.10.23
Dato: onsdag 20. september 2023 13:12:32

Ordførar

Underteikna er i dag blitt kontakta av eit foreldrepar med ein ungdom i den vidaregåande skulen. Foreldreparet legg vekt på at deira spørsmål berører ikkje berre deira ungdom, men mange unge i Alver.

Det blir altså sagt at kommuneoverlegen i Alver har bestemt at dei som går i den vidaregåande skulen ikkje får sjukemeldingsattest før grensa for udokumentert fråvær nesten er nådd.

Foreldreparet seier at deira ungdom som i likhet med mange andre i Alver går på vidaregåande skule i Bergen.

Dei opplever no ein forskjellbehandling då ungdommar frå Alver vil få meir udokumentert fråvær på sitt vitnemål enn dei som er heimehøyrande i Bergen.

Spørsmål:

1. Kan det være slik ordførar, at ungdom frå Alver ikkje kan få sjukeattest frå lege før fråværgrensa nesten er nådd?
2. Er det verkeleg slik at der er andre rammer for sjukemeldingsattest i Bergen enn i Alver?
3. Dersom dette stemmer, vil ordførar ta initiativ til dialog med kommuneoverlegen om eventuelle endringar slik at det ikkje blir ein forskjellbehandling?

Mvh

Astrid Aarhus Byrknes

Gruppeleiar KRF